

Medlemmar i Samarbeidsutvalet

**Ikkje publiser
IP**

Dykkar ref.

Vår ref.
20/16260-13Dato:
20.01.2023**Referat frå møtet i Samarbeidsutvalet 17.01.2023**

| | |
|----------------------|---|
| Møte nr. | 2 |
| Møtedato/tid: | 17.01.2022 klokka 18.00 |
| Stad: | Sund ungdomsskule, stort møterom loftet |
| Til stades: | Jimmy Håkonsund, leiar FAU Gro Spilde, nestleiar FAU Jørgen Kausland, politisk representant Alva Betine Kilvik, leiar elevrådet Rigmor Bråten, tillitsvalt, representant for lærarane Gro Hege Eidesund, verneombod, representant for andre tilsette Anne Hufthammer, rektor Meldt avbod: Arthidhaya (Benå) Supanayachotskul, styremedlem elevrådet |

| Sak nr. | Tema |
|----------------|---|
| 8/22-23 | Godkjenning av innkalling og sakliste Merknad til saklista: Dersom det skal vera godkjenning av noko til møtet, må det meldast som eigne saker i innkallinga. |
| 9/22-23 | Saker som skulle følgjast opp frå sist møte: Helsesjukepleiarsituasjonen: Framleis er det berre 40% helsesjukepleiar. Helsesjukepleiaren vår er informert om at dette er ei sak det blir jobba med. FAU-leiar har ikkje sendt brev enno, men har det på lista. Romsituasjonen: Me hadde ein runde på skulen med Marius Flesland Sylta og Jon Erik Egeland. Dei såg at kunst og handverksalen vår ikkje innbydde til kreativitet, og det kom fram at dei meinte drift måtte skifta ei dør der med hol i. Døra med hol er framleis der, og det kjem fleire hol når det først er kome eitt. Stillaset på ytterveggen var det semje om måtte ned, og no har det vore arbeidarar der i det siste og det skal snart ned. Branngardina som låg utanfor er fjerne. Det har ikkje skjedd noko nytt med gymsalen, og det er trangt i garderobane. Me har meldt inn kor mange tilsettplassar me har for å finna ut om det er nok plass til dei tilsette. Er det plass til alle elevane som kjem? Er det for liten plass i forhold til norm må me synleggjera det. Kva |

| | |
|----------|--|
| | <p>skjer etter utbygginga av brua og vegen? FAU må koma med ei bekymringsmelding om situasjonen.</p> <p>Utanomhusplan: Me har fått ein arkitekt på laget og me får også laga ein utanomhusplan. Alle klassane er inviterte til å koma med forslag til kva dei ønskjer ute. Me tenkjer dette er starten på noko som på sikt blir eit flott uteområde. Det som er tenkt til no er nokre disser, ein fotballbane, eit område under tak der ein kan henga eller spela spel, frisbee-golf og trampoline. I tillegg har me volleyballbane i sand, basketballbane som me må forbeta litt samt ulike treningsapparat. Innspel frå SU er at me må få arkitekten til å teikna slik at det blir nærmiljøprosjekt, og at det bør teiknast tak over området mellom skulebygga.</p> <p>Vipps-situasjonen: På juleballet nytta me bankterminal litt, men dei gjekk fort tomme for straum. Då fekk dei bruka Vipps-en til rektor. Det fungerte bra, for både bruk av bankterminal og bedriftsvipps tar ein del av inntektene. Det slepp ein om ein brukar privatvipps. Me bør likevel bruka kort også, og då bør det berre liggja sum, ikkje varer på lpaden for det tok lang tid å leita seg fram til korrekt vare.</p> <p>Straumsituasjonen: Det var ønske om at det blir sett opp målarar i klasseromma for å sjekka temperaturen. Skulen kjøpte nokre på Clas Ohlson, men dei førte til ein del feilmålingar og til slutt nekta drift å forhalda seg til dei. No må me kjenna korleis temperaturen er, og melda frå om me tenkjer det er for kaldt.</p> |
| 10/22-23 | <p>Informasjon frå elevrådsleiar:</p> <p>Det har ikkje vore elevrådsmøte etter jul, men skal vera denne veka. Elevane fekk pengar frå Rykter-innspelninga og kjøpte Teqball-bord og Subsoccer-bord. Elevrådet takkar FAU og foreldra som var vakter på juleballet. Det var eit kjekt juleball. For tiande klasse er det viktig at det blir skuletur for tiande, og dei lurar veldig på om det blir det.</p> |
| 10/22-23 | <p>Informasjon frå FAU:</p> <p>Utanomhusplanen – Sotra vgs kan hjelpa til med benkar Helsesjukepleiar – FAU-leiar skal skriva brev om situasjonen Romsituasjonen – FAU-leiar skal skriva brev om situasjonen FAU ønskjer budsjettet til skuleballet slik at ein ser kor mykje ein fekk inn og kva ein brukte.</p> |
| 11/22-23 | <p>Informasjon frå rektor:</p> <p>Skulen skal ha kvalitetsdialog tysdag 21. mars. Då vil me snakka litt om uteområdet vårt og utfordringar knytt til det samt det me har hatt som satsingsområde og jobba med i år.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Felles reglar og gjennomføring av desse fører til trygge vaksne og trygge unge • Trygt skulemiljø fører til meir og betre læring • Meir elevmedverknad fører til høgare motivasjon for læring • Meir praktisk og variert undervisning fører til høgare motivasjon <p>Elevrådsleiar kan vera med. Har SU noko dei vil seia i forhold til dette? FAU-leiar vil gjerne få ein rapport etterpå. Kan andre tilsette vera med?</p> <p>Juleballet gjekk fint, og det stilte mange foreldre som vakter. Til neste gong ønskjer me at det skal vera fleire vaksne inne i gymsalen, og me ønskjer også ein ekstra vakt på scenen slik at det ikkje kjem elevar opp til DJ-en. Elles</p> |

| | |
|-----------------------------|--|
| | <p>gjorde foreldra ein veldig god jobb. Kanskje kiosken kunne vore borte med trappa? Ipad-en må organiserast i mapper slik at me har ei skuleballgruppe med varer.</p> <p>Skuletur 10. trinn: Det blir lyst ut konkurranse for opplegget rundt skuleturene. SUS ønskjer turen etter munnleg eksamen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Minst ei overnatting • Turmål utenfor kommunegrense • Overnatting utanfor bykjernen til Bergen sentrum <p>Det ser ut til at det blir to turar dette kalenderåret. Ein for tiande i vår, og ein for nye tiande til hausten. Årsaka til det er at ein ønskjer at turane ligg på hausten i stadenfor på våren, som er midt i eksamenstida.</p> |
| 12/22-23 | <p>Budsjett og ressursar:</p> <p>For neste skuleår: To nye arbeidsstasjonar blei godkjent i budsjettet. Det er meldt inn at det kjem ein ekstra klasse til neste år, og at me treng nye skap og fleire arbeidsplassar til tilsette.</p> |
| 13/22-23 | <p>Eventuelt:</p> <p>Nynorsk/bokmål: Spørsmål om korleis det er med nynorsk og bokmål hos oss. Det er blanda målformer på vekeplanen. Det er forventningar om at denne står på nynorsk sidan SUS er ein nynorsk skule.</p> <p>Dysleksi: Det har vore problem ved overgangen mellom Txtanalyser og Appwriter til Lingdys, samt at det ikkje alltid er like tydeleg for elevane og foreldra kva ressursar ein har tilgang til. Her bør det vera eit betre system.</p> |
| 14/22-23 | Elevane får avspasera volleyballturneringa 16. juni. Godkjent i SU. |
| 15/22-23 | Plan for psykososialt miljø er godkjent av SU med forbehold om godkjenning i elevrådet. Det mangla ansvarleg på tre punkt og det blei endra på kven som skulle evaluera planen årleg. |
| Saker som skal følgjast opp | <p>Utanomhusplanen</p> <p>Helsesjukepleiar</p> <p>Romsituasjonen</p> <p>Nynorskbruken</p> <p>Opplæringa for dyslektikarane</p> |
| | <p>Nytt møte:</p> <p>Tysdag 30. mai klokka 18.00, stort møterom loftet</p> |

Med helsing

Anne Hufthammer
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

